


Profilmanual

Visuell identitet for byen Stord



ST  RD Liten by for
det heilt store

Liten by for det heilt store

Stord er ein liten by som har mykje å by på. På vår halvdel av øya Stord har me flott natur, stor næringsaktivitet, mange utdanningstilbod, sjukehus, attraktive buforhold og eit breitt spekter av fritidstilbod.

Dette gjenspeglar me i den visuelle identiteten for byen Stord.


Konsept

Stordlogoen tar utgangspunkt i Storddøra.
Døra er konstruert av mange kubar som speglar det store spennet Stord har å by på.

"Portalen tar utgangspunkt i Stords tradisjon innan skipsbygging, samt gjev ein monumental velkomst til ein kommune midt i vakker natur - difor er vatn og vind hovudelement i portalen." - Sissel Tolaas kunstnaren bak Storddøra.

Ei open dør symboliserer gjestfridom og moglegheiter.

Stikkord knytt til konsept:
Samspel, konstruksjon, mangfold, velkommen, heim, forandring, moglegheiter, samansett, portal.




fiske
overnatting
konstruksjon
tretoppar
reise
Liten by for hydrogen
kunst
historie
idrett
kultur
musikk



Stordlogoen

Stordlogoen er eit felles avsendarmerke som kan nyttast av alle verksemder, organisasjonar og institusjonar i Stord kommune.


Stordlogoen består av namnetrekket Stord, der O er bytta ut med forma på Storrdøra.



Svart logo (positiv)



Kvit logo (negativ)



Logokonstruksjon


Stordlogoen i fargar

I tillegg til svart og kvit kan logoen stå i:

1. Mørk blå
2. Lys blå
3. Mørk grøn
4. Lys grøn


Lys blå og lys grøn logo krev ein mørk bakgrunnsfarge.

Farga logoar skal nyttast der dei harmonerer med designet. Eksempel: I eit design som inneholder mykje grønt, kan du nytta grøn logo for å gi designet eit harmonisk uttrykk. Logoen skal ikkje brukast i andre fargar enn vist.



Logo med slagord

Det er to alternativ for logo med slagord.
Eitt for liggande format og eitt for
ståande/kvadratisk.



Liggande



Stående/kvadratisk

Logo saman med annan avsendar

Når Stordlogoen skal nyttast saman med annan avsendar, skal hovudavsender alltid stå først, deretter Stordlogoen med slagord.

Det er tre alternativ for korleis ein kan justera storleik på logoane i høve til kvarandre:

1. Juster etter høgda på "døra"
 2. Juster etter høgda på namnetrekk
 3. Juster etter høgda på slogan.
4. Avstanden mellom logoane er lik breidda på "døra"

1.



2.



3.




4.



Eksempel på feil bruk av Stordlogoen

Namnetrekket og utforminga på logoen skal ikkje endrast.

Bruk berre fargevariantane som er spesifisert i profilmanualen. Det er ikkje lov å kombinera fargar.
Ha god kontrast mellom logo og bakgrunn.



Profilfargar

Fargepaletten er inspirert av naturen og spekteret av det Stord har å by på: Sjøen rundt, dei grøne skogane, kristornbuskane, fjella, kulturlivet, idretten, historia og næringslivet.


Fargar kan nyttast i grafiske element, skrift, og som bakgrunnsfarge.

Mørk blå CMYK: 100, 80, 40 20 RGB: 25, 50, 95 # 19325f	Stål blå CMYK: 55, 0, 0, 20 RGB: 115, 190, 240 # 73bef0	Lys blå CMYK: 30, 0, 5, 0 RGB: 180, 230, 255 # b4e6ff
Mørk grøn CMYK: 90, 45, 70, 25 RGB: 20, 90, 80 # 145a50	Fjordgrøn CMYK: 70, 0, 45, 0 RGB: 60, 200, 80 # 3cc8b4	Lys grøn CMYK: 25, 0, 30, 0 RGB: 170, 240, 200 # aaf0c8
Varm raud CMYK: 0, 70, 65, 0 RGB: 240, 105, 80 # f06950	Varm gul CMYK: 5, 20, 65, 0 RGB: 250, 205, 110 # facd6e	Sand CMYK: 0, 5, 15, 0 RGB: 255, 245, 225 # fff5e1
Rein svart CMYK: 0, 0, 0, 100 RGB: 15, 15, 15 # 0f0f0f	Rein kvit CMYK: 0, 0, 0, 0 RGB: 255, 255, 255 # ffffff	

Fargekombinasjoner

Bruk fagekombinasjonar som harmonerer godt. Bruk høg kontrast mellom strek/tekst og bakgrunn.

Her er eksempel på fagekombinasjonar som harmonerer godt.



1.



Grafiske element


1. Stordlogoen eller berre "døra", kan nyttast for å framheva noko i eit bilde.

2. Ein kan også nytte kvadratiske samansettingar som profilerande element. Kvadratiske flater er henta frå modulforma i Storddøra. Desse kan også nyttast saman med bilde.

Desse to grafiske elementa skal ikkje brukast samtidig på same flate, berre kvar for seg.

Sjå eksempel på dei neste sidene.

2.






Buforhold

Næringsaktivitet



Kunnskapsutvikling



Livskvalitet



Eksempel på bruk

Eksempla illustrerer prinsipp for visuell identitet og er meint til inspirasjon.



STORID

**Liten by for
store prosjekt**

Hywind Tampen er verdas største
flytende offshore vindpark.



STORID

**Liten by for
store augneblikk**

Falturiltu er verdas største nynorske
litteraturfestival for barn og ungdom.



Typografi

Inter er valt som skriftype for den grafiske profilen til byen Stord. Den er stilrein, enkel, lett å lese og sampelar godt med andre profilar og uttrykk.

Konsekvent bruk av skriftypen styrker profilen og gjer han lett å kjenne igjen på tvers av ulike bruksflater.

Skrifta har 18 ulike vekter, men for å stramma inn profilen blir berre 6 vekter brukt.

Vektene som blir nytta er:

Regular

Italic

Semibold

Semibold italic

Extrabold

Extrabold italic

Skrifta kan lastast ned via Google Fonts:

<https://fonts.google.com/specimen/Inter>

Høgdemeter. Eventyr. Hage.
Sveitte. **DEN HØGREISTE.** Fiske.
Overnatting. Konstruksjon.
Tretoppar. Reise. Hydrogen.
Kunst. Historie. Idrett. Kultur.
Musikk. Mat. Quiz. Interiør. Fritid.
Oppvekst. **VIKJO.** Dans. Jobb.
Utsikt. Ski. Rundtur. Innovasjon.
Design. Dyreliv. Kulturlandskap.
KATTNAKKEN. Konsert. Kor. Korps.
Segling. Klatring. Skeising. Bowling.
Arkitektur. Utdanning. Helse.
Sjukehus. Hest. Golf. Fjell.
Teknologi. Gaming. Restaurant.
Bading. Kunnskap. Eldsjel.

Eksempel på profilmateriell

Eksempla illustrerer prinsipp for visuell identitet, og er til inspirasjon.

